


Merknadsskjema – offentlig ettersyn

Plannamn	Grøn omstilling på Mongstad
Arealplan-ID	4631_2020006
Saksnummer	20/17061
Utarbeidet av	Multiconsult
Sist revidert	04.04.22

Nr	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillar sin kommentar	Rådmannen si vurdering
<u>Høyringsinstansar:</u>				
1	NVE 15.06.2021	1. NVE gjev ikkje konkret fråsegn i denne saka. Viser til generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde.	1. Tatt til orientering.	
2	Kystverket 15.06.2021	1. Viser til deira fråsegn til oppstart av planen. 2. Er positiv til grøn omstilling av området og at det vert lagt til rette for sjøretta næringar. For å sikre trygg inn- og utsegling frå hamna bør ein innhente nautiske kompetanse tidleg i prosessen. Kystverket kan rådførast. 3. Minner om ny hamne- og farvannslov som trådde i kraft 1.1.2020. Tilvising i føresegnene til §27 må endrast til §14. 4. Viser til at det ikkje er samsvar mellom føresegner og planomtale når det gjeld skildring av havnemyndigheit. Stat og kommune har delt myndigheit etter havne- og farvannslova §14. Kommunen skal handsame søknader om tiltak i kommunalt sjøområde, og staten (Kystverket) søknader om tiltak i hovud- og bilei. I planområdet er hamneformålet SHA1 kommunen sitt sjøområde, medan hamneområde i sjø VHS kjem ut i areal avsett til farleia «Kvernhusneset», dvs. skal handsamast av Kystverket. Det vert tilrådd å nytte ordlyden «hamnemyndigheit» i føresegnene.	1-2. Tatt til orientering. 3-4. Tatt til følgje. Føresegna er oppdatert med korrekt tilvising til lov og hamnemynde.	
3	Statnett	1. Opplyser om Statnett sine planar i området: <ul style="list-style-type: none"> • <u>Lindås transformatorstasjon</u>. I hovudsak tiltak innanfor Statnett sine eigedomar, men behov for midl. rigg-/lagerareal i krysset ved Sambindingsvegen og opparbeidd areal lenger nordaust (kartskisse). Planlagt oppstart av byggearbeid er hausten 2022 og ferdigstilling hausten 2024. • <u>To ny kablar i Fensfjorden</u>. Frå 	1. Tatt til orientering. Forslagsstillar er kjend med Statnett sine planar, og vil sørge for at det ikkje vert konflikt mellom utbyggingsplanane. Det er ein løpande dialog med Statnett for utvikling i området.	

		<p>muffeanlegget og ut i Fensfjorden er det planlagt for to nye kablar. Det må gravast grøft frå landtaket og opp til muffeanlegget slik at det vil være behov for midlertidig arealbruk utover kabeltraseen.</p> <p>2. Ber om at omsynssone (byggeforbodsbelte) tilhøyrande 300 (420 kV) transmisjonsnettledninga Haugsvær – Lindås også vert trekt over Statnett sine eigedommar gbnr 128/120 (Austrheim) og 127/140 (Alver) i plankartet.</p> <p>3. Viser til 30 meters varslingsgrense for anleggsarbeid nær høgspenningsanlegg.</p> 	<p>2. Tatt til følgje. Omsynssone for byggeforbodsbelte er utvida i plankartet (R01_2_VN2-A1 05.04.22) ihht. merknad.</p> <p>3. Tatt til orientering. Forslagsstillar er kjend med gjeldande reglar og føringar knytt til Statnett sine anlegg.</p>	
4	Statsforvalteren i Vestland 22.06.2021	<p>1. Meiner det er positivt å nytte eksisterande industriareal til oppdrett på land. Er uroa for naturmangfald og vasskvalitet i sjøen, og for påverknad i strandsona.</p> <p>2. Vassførekomst Fensfjorden er registrert med god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. KU bygger på kjent kunnskap om naturmangfald og påverknad. Statsforvalteren meiner at sjølv om ein seinare skal søke om utsepp etter forureiningslova, må det gjerast tilstrekkeleg KU for å avklare plantema og planformål etter pbl. Ein må gjere naudsynte vurderingar om verknadene med gode nok og sannsynlege føresetnader, m.a kva verknad planen vil få på naturmangfald og vasskvalitet for å vurdere om det er ei god plassering av tiltaket, og om det er naudsynt å sette miljøkrav etter pbl. §12-7.</p> <p>3. KU har ein stor grad av usikkerheit når det ikkje er</p>	<p>1. Tatt til orientering. Påverknad på naturmangfald, vasskvalitet og strandsone frå landbasert akvakultur avheng av kva for driftskonsept og teknisk utrustning som vert nytta i produksjonen. Det vil bli utført naudsynt kartlegging i samband med konseptval og søknad om konsesjon for etablering av anlegget. Overordna vurderingar gjev grunn til å tru at aktuelt utseppsområde har naudsynt kapasitet, og at ein på det grunnlaget kan gjennomføre ein reguleringsprosess. Kunnskapsgrunnlaget er for øvrig oppdatert, sjå neste pkt.</p> <p>2. Tatt til følgje. I samarbeid med Statsforvalter, er kunnskapsgrunnlaget i etterkant av offentleg ettersyn oppdatert/supplert i planomtale (jf. Kap. 8.6.2.1, 8.6.2.3) og NML-rapport (jf. Kap. 4, 5.2, 5.3, 5.4, 5.5, 7, 8.2.4 og 10):</p> <p>- Meir kunnskap om økologisk tilstand for</p>	

		<p>gjort strauummålingar eller spreingsmodulering, og det ikkje er opplyst kva mengde utslipp det er kalkulert med i vurderingane. Meiner det ikkje er realistisk å rekne med ein «høg» grad av reinsing. Utsleppa vil verte store. Erfaring frå Danmark tilseier at ein kan vente 50% reduksjon av nitrogen-utslippa. Samla belastning i fjorden må vurderast.</p> <p>4. Det er ei uheldig formulering å skildre resipienten som "ikkje maksimalt utnytta resipientkapasitet". Det er ikkje eit mål. Det er eit mål å ha god vasskvalitet. Det må visast at det blir lagt til grunn for vurderingane.</p> <p>5. Konsekvensutgreiinga manglar ein spreingsmodell over «tenkte» utslippsmengder for heile fjordsystemet. Det må sjåast på forskjellige aspektar over korleis ein ser for seg at utslipp skal bli (mengde, utslippspunkt og djup). Modellen må inkludere alle andre utslipp av næringsstoff til fjordsystemet (avløp, oppdrett (land og sjø), og eventuelt landbrukspåverknad). Konsekvensutgreiinga må då også vurdere påverknad på strandsona, tareskog og rekreasjonsområde i samsvar med resultatata frå modellen. Større utslipp kan føre til påverknad på til dømes badeplassar i området, og det er viktig at opplevinga av strandsona også tas med som eit tema.</p> <p>6. <u>Konklusjon:</u> Det må gjerast tilleggsutredningar til konsekvensutgreiinga for å kunne vurdere verknad for naturmangfald og vasskvalitet. Etter at dette er gjort, må det vurderast om det er naudsynt med føresegn om til dømes miljøkvalitet og overvaking.</p>	<p>Fensfjorden.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppdatert kunnskap frå Vann-nett. - Oppdatert kunnskap om artsregistreringar. - Oppdatert kunnskap om naturtypar. - Oppdatert kunnskap om sjøområda (strau- og utskiftingshøve bl.a.) - Ny kunnskap om kystnære fiskeridata / økologiske funksjonsområde. - Oppdatert og ny kunnskap om resipientundersøkingar i Fensfjorden mellom 2016-22, inkl.også førehandsgransking frå 2021. - Ny informasjon om pågåande og planlagde undersøkingar i sjø. - Supplerande og ny informasjon om antatt påverknad på resipienten. - Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12 er oppdatert i høve § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. <p>Ytterlegare kunnskap om anlegget sin påverknad krev nærmare planlegging av landoppdrettsanlegget på eit detaljnivå vi ikkje har i dag. Dei nemnde omsyna vil ivaretaast gjennom konsesjonsøknadsprosessen.</p> <p>3. Tatt til følgje. NML-rapporten er etter offentlig ettersyn og dialogmøte med Statsforvalter supplert med informasjon om fjord-topografien og forventa strau- og utskiftingstilhøve i Fensfjorden. Kapasitet for omdanning av nærings salt i det aktuelle utslppsområdet blir utført i samband med konsesjonsøknaden. Teknologi for partikkelfjerning og omdanning av nærings salt før utslipp er i kontinuerleg utvikling. All den tid val av konsept kjem på eit seinare stadie enn reguleringsarbeidet, har ein ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å setje konkret utslippsmengd og innhald i dette, eller konkret utslippspunkt. Konsesjonsøknaden og søknad om utslipp vil vere basert på konkrete føresetnadar og berekning av fjorden sin kapasitet samt spreingsmodellar for aktuelt utslipp frå anlegget.</p> <p>4. Tatt til følgje. Det er på ingen måte forslagsstillar sin intensjon å utnytte resipienten fullt ut, heller tvert om. Så liten påverknad som råd er intensjonen, og at denne påverknaden er innafor resipienten sin</p>	
--	--	---	---	--

			<p>kapasitet. Formuleringa er uheldig, og er omskreven i plandokumenta.</p> <p>5. Ikkje tatt til følge. Det er to grunnar til at det ikkje er relevant med ein komplett spreingsmodell for heile området i reguleringsprosessen. Søkjar har ikkje oversyn over utslepp frå alle aktørar i det aktuelle fjordsystemet, og kan av den grunn ikkje ta ansvar for alle andre utslepp enn sitt eige. Spreingsmodell for utslepp frå akvakulturanlegget treng å gjennomførast frå eit godt grunnlag, altså definert punkt og område for utslepp, for å gje eit rettvisande bilde av påverknad. Samstundes er modelleringane omfattande prosessar å køyre og ein ynskjer difor ikkje gjennomføre dei på «generelt grunnlag», men nytte eit konkret og realistisk grunnlag for modelleringa. Tilgjengelege data, straummålingar, enklare modellar og faglege vurderingar ligg til grunn når konsekvensutgreiinga vurderer påverknad frå anlegget.</p> <p>6. Det er gjort tilleggsundersøkingar/utgreiingar i samråd med Statsforvalteren i etterkant av dialogmøtet den 11.12.21. Viser til oppdatert rapport for naturmangfald m/nye vedlegg og referansar og ferdigstilt førehandsgranskning. I tillegg er det igangsatt arbeid med konsesjonssøknad og felles overvåkingsprogram for Fensfjorden. Sjå for øvrig kommentarar over.</p>	
5	Bergen havn 22.06.2021	<p>1. Plankartet viser ikkje konkrete tiltak. Ber difor om å få tilsendt teikningar når desse er ferdig utarbeida. Kan på dette stadiet ikkje sjå at planen vil kome i konflikt med deira interesser.</p> <p>2. Opplyser om at planområdet er råka av hovud- og bileia i området, som er Kystverket sitt myndeområde (§14, 2. ledd).</p> <p>3. Minner om at tiltak som kan påverke sikkerheita eller ferdsla i sjøområdet krev løyve frå BHF IKS (§ 14, 1. ledd). Orientering om søknadsplikta bør takast inn i føresegnene. Søknad må sendast i god tid før iverksetting av tiltak.</p>	<p>1. Tatt til orientering.</p> <p>2. Tatt til orientering. Viser til svar på merknaden frå Kystverket. Føresegnene vert oppdatert med korrekt tilvising til lov og hamnemynde.</p> <p>3. Tatt til følge. Orientering om søknadsplikta vert inkludert i føresegnene til planen.</p>	
6	Vestland fylkeskommune 25.06.2021	<p>Vurdering:</p> <p>1. <u>Klima og miljø:</u> Viser til og stør Statsforvaltaren si fråsegn om at planframlegget ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert konsekvensane av eit landbasert akvakulturanlegg. Rår til at konsekvensane vert utgreia ytterlegare, slik at planen sine verknader i området vert</p>	<p>1. Sjå kommentarar til merknad frå Statsforvalteren over.</p> <p>2. Tatt til følge. Trafikkanalysen er oppdatert og gir no eit meir samla bilde på trafikk situasjonen. Oppstilling av planar og rekkefølgjekrav knytt til</p>	

		<p>synleggjort, og at evt. avbøtande tiltak vert lagt inn som del av planarbeidet.</p> <p>2. <u>Veg og infrastruktur:</u> Viser til deira merknader om tilkomst frå overordna vegnett, tilkomstveg og mjuke trafikantar ved oppstartsvarsel og høyring av planprogram. Ba om trafikkanalyse og vurdering av planen i høve til andre planar. Fylkeskommunen har fokus på forholdet til fv. 57 og gang- og sykkel samband frå kollektivhaldeplass til planområdet. Meiner det ville vere nyttig med ei oppstilling av kva planar som gjeld og kva rekkefølgjekrav som følg av desse.</p> <p>3. <u>Planomtalen:</u> Viser til planomtale pkt. 3.12 som tek for seg dagens tilhøve for veg og trafikk. Den skildrar og tilhøva som gjeld mjuke trafikantar og kollektiv.</p> <p>4. <u>Forholdet til andre planarbeid:</u> Det er fleire tilknytingspunkt til overordna vegnett. I følgje KDP Lindåsneset – Mongstad (2010) skal det byggjast tunnel frå Hope. Dersom tunnel frå Hope ikkje lenger er aktuell vil det vere relevant å stille strengare krav til tilkomstvegen som går om Mongstad sør. Det er ikkje vist til godkjent plan for krysset Rv. 57 Mongstad sør med rekkefølgjekrav § 2.3, eller det pågåande planarbeidet for fylkesveg 57.</p> <p>5. <u>Tilkomst til området:</u> Planarbeidet vurderer ikkje tilkomst til området for mjuke trafikantar. Dersom tunnel ved Hope ikkje lenger er aktuell og vegen om Storemyra er alternativet som skal nyttast, bør planarbeidet vurdere tilkomstvegen mellom fv. 57 og til industritomta.</p> <p>6. <u>Trafikkanalyse:</u> Vedlagte trafikkanalyse er basert på rapport frå planarbeidet for Mongstad Storhamn. I tillegg er gjort teljing i krysset for å estimere trafikken inn og ut på fylkesvegen. Dette er positivt. Den viser og til ulke trafikale utfordringar knytt til fylkesveg og internveg. Analysen baserer seg på «Netto trafikkauke» som følgje av etablering av oppdrettsanlegg, og ikkje heile planområdet. Konklusjonen er då at krysset har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere</p>	<p>desse er gjort i plandokument og trafikkanalyse.</p> <p>3. Tatt til orientering.</p> <p>4. Delvis tatt til følgje, merknaden skal vurderast nærmare. Oppstilling og vurdering av andre planar og rekkefølgjekrav er gjort i plandokument og i oppdatert trafikkanalyse.</p> <p>5. Delvis tatt til følgje, merknaden skal vurderast nærmare. Det er i dag utbygd fortau i området, men ikkje langs internveg og ut til hovudvegen. Oppdatert trafikkanalyse vurderer at ny regulering ikkje gir behov for tilkomst for mjuke trafikantar frå FV 57 og ned til basen, fordi ny regulering til oppdrettsanlegg reduserer trafikken inn i området ift. gjeldande regulering som regulerer same areal til tradisjonell industri og Storhamn. Oppdatert trafikkanalyse viser at berekna kapasitet i krysset med fv. 57 viser ei god avvikling med ein belastningsgrad på 0,72 på Storemyra og ein kø på maksimalt 40 meter (7 biler) etter at den samla planlagde næringsutbygginga i planforslaget er gjennomført.</p> <p>6. Tatt til følgje. Trafikkanalysen er oppdatert og gir no eit meir samla bilde på trafikksituasjonen. Figurar er oppdatert. Samstundes vil vi påpeike at det planlagde oppdrettsanlegget i hovudsak vil bli betjent med sjøtransport og ligg i eit industriområde bygd ut ihht. til gjeldande planer. I dag er det berre vanleg baseverksemd i hamneområdet, og storhamn som det var planlagt for i gjeldande reguleringsplan er ikkje lenger aktuelt. Etableringa av oppdrettsanlegget vil såleis kome i staden for storhamna og ikkje i tillegg. Biltrafikk, spesielt tungtrafikk til/frå oppdrettsanlegget vil vere lågare enn til storhamna.</p> <p>7. Ikkje tatt til følgje. Trafikkanalysen er oppdatert for å synleggjere eit meir samla bilde. Det er sett nærare på BRA, talet på arbeidsplassar og ÅDT for eksisterande og framtidig situasjon for å gi eit svar på reelt behov. Med bakgrunn i oppdatert trafikkanalyse der berekna kapasitet i krysset med fv. 57 viser en god avvikling med en belastningsgrad på 0,72 på Storemyra og en kø på</p>	
--	--	---	---	--

		<p>trafikkauken som kjem som ei følge av utbygging av oppdrettsanlegget. Det er vidare gjort ei enkel vurdering av T-kryss eller rundkøyring ved ei eventuell utbetring.</p> <p>Figurane i analysen kan ikkje lesast. Det er og vanskeleg å setje seg inn i bakgrunnen for konklusjonane. Meiner det er ei mangel at ikkje dagens planar og pågåande planarbeid er trekt inn i desse vurderingane.</p> <p>7. <u>Rekkjefølgjekrav:</u> Er svært kritisk til rekkjefølgjekrav § 6.4 slik det er formulert knytt til belastning. Trafikkanalysen har berre fokus på trafikkavvikling og har ikkje vurdert utforming av krysset, trafikktryggleik eller kva behov det er for oppgradering. Er usikre på kven som har ansvaret for å vurdere belastningsgraden. Det må som minimum utarbeidast eit rekkjefølgjekrav som er knytt til utbygging (BRA), og som stiller krav til at krysset skal vere ferdig regulert. Ber om at det vert vidare dialog om rekkjefølgjekrav.</p> <p>8. <u>Konklusjon:</u> Meiner planleveransen er mangelfull for områda naturmangfald, trafikk og samferdsle. Planen svarer i liten grad ut merknadene til oppstart på tema som rør ved veg og infrastruktur. Planen knyt ikkje til seg krav for mjuke trafikantar (krav i KDP). Meiner tilgrensande planar er forhold som må vurderast meir grundig før planen vert vedtatt. Trafikkanalysen er mangelfull og baserer seg berre på effektivitet i krysset. Saknar ei meir grundig vurdering av kryssområdet, trafikktryggleik, og forholdet for mjuke trafikantar mellom fv. 57 og planområdet. Rekkjefølgjekravet må knytast til andre forhold enn belastningsgrad av krysset.</p>	<p>maksimalt 40 meter (7 biler) etter at den planlagde næringsutbygginga som følge av ny reguleringsplan er gjennomført, vurderast at rekkjefølgjekravet kan takast ut.</p> <p>8. Delvis tatt til følge. For tema naturmiljø, visast det til kommentarar til merknad frå Statsforvalteren over. Når det gjeld trafikk og samferdsle, visast til pkt. over.</p>	
7	Direktoratet for mineralforvaltning 30.06.2021	<p>1. DMF registrer at fråsegn til varsel om oppstart er tatt til følge i planforslaget. DMF kan sjå at mineralske ressursar inngår i vurderinga i konsekvensutgreiinga og at NGUs ressursdatabase er lagt til grunn for vurderinga. Ser og at krav om massehandteringsplan for nye tiltak i føresegnene til planen kan bidra til at eigna ressursar vert utnytta. DMF har dermed ikkje fleire merknadar.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Dagens massehandteringsplan vidareføres med krav om at massehandteringsplan vert vidareført.</p>	
8	Fiskarlaget vest 02.07.2021	<p>1. Viser til deira uttale til oppstart av planarbeidet av 29.01.21, og ber om å få framtidige tiltak i sjø som</p>	<p>1. Tatt til orientering.</p>	

		t.d. utfylling og kablar til høyring.		
9	Fiskeridirektoratet 02.07.2021	1. Viser til planomtale med konsekvensutgreiing kap. 7.6.2. Naturmiljø. Fiskeridirektoratet meiner konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande utført, men viser til at avbøtande tiltak om tidsavgrensing utanfor gytetid ved sprenging ikkje er følgt opp i planføresegnene. Ber om at dette avbøtande tiltaket takast inn under § 3.9 Forureining, støy og lukt i planføresegnene.	1. Tatt til følge. For å treffe betre på avbøtande tiltak, bør kravet knyttast til konsesjonshandsaminga. Dette er sikra i føresegna. Føresegna viser til dokumentasjonskrav seinare, som følge av kunnskap frå konsesjonshandsaminga.	
10	Statsforvalteren, samordna uttale 22.12.21	Kommunen ønska ei avklaring på Statsforvalteren si uttale til offentleg ettersyn 22.06.22. Det vart avtalt eit dialogmøte mellom kommunen og Statsforvalteren for å diskutere konsekvensutgreiinga av naturmangfald og vasskvalitet. Dialogmøte vart avhalde 10.12.21. 1. Statsforvalteren står fast på at det er naudsynt å oppdatere konsekvensutgreiinga, særleg av omsyn til tilstand av vassførekomsten. 2. Statsforvalteren opprettheld elles merknader til offentleg ettersyn.	1. Konsekvensutgreiing og NML-rapport er i samråd med Statsforvalteren oppdatert i høve vassførekomsten. Det har vore god dialog mellom kommune og Statsforvalter om fagtema vasskvalitet i Fensfjorden, der siste daterte brev frå Statsforvalter er datert 17.03. Omtale av økologisk tilstand av Fensfjorden er oppdatert i høve dialogen som har vore med Statsforvalteren. NML-rapport og Konsekvensutgreiing, sjå svaret til Statsforvalteren i pkt. 4 . underpkt. 2 over. 2. Sjå svar til Statsforvalteren i pkt. 4 over.	